

## Referat styremøte 2. april 2014

### Til stades:

Gustav Bahun  
Lisbeth Lunde Axelsen  
Vegard Bakka  
Ole Mikal O. Ramsøy

### Andre:

Atle Mongstad (revisor)

### Meldt fråfall:

Åsmund Lien  
Haldor telle

Styreleiar Gustav Bahun leia møtet.

01/2014      **Innkalling med saksliste**  
Ingen merknader til innkalling og saksliste

**Vedtak:**  
Innkalling med saksliste vart godkjend.

02/2014      **Referat frå styremøtet 05.12.2013**  
Ingen merknader til referatet.

**Vedtak:**  
Referatet vart godkjend.

03/2014      **Årsrekneskap for 2013.**  
Revisor Atle Mongstad orienterte om årsrekneskapet for 2013. Det var ingen merknader til rekneskapen.

**Vedtak:**  
Årsrekneskapen vart teken til etterretning.

04/2014      **Orienteringar**

### **a) Fanafjellet**

Triss Holding ved Ragnar Risholm har via epost orientert om at dei kjem til å byggja ein veg med fortau inn på baksida av hovudbygget, og som skal enda opp i ein parkeringsplass. Denne vegen som museet og andre nyttar i dag ligg ifylgje Risholm på Tris Holding sin eigedom. Styret hadde ingen merknader til dette.

Fanaseter har framleis trong for skikkelege vass og- toalettilhøve for publikum. Det er framleis høve til å kopla seg på bygget til Triss Holding. Styret meiner at for å koma vidare i prosessen med å få finansiert dette bør både Bergen og Omland Friluftsråd, Bergen Kommune og Hordaland Fylkeskommune kontaktast. Museet kan be HFK om hjelp til å søka midlar. I tillegg bør det sendast ein søknad til Rieber Fondene om stønad.

### **b) Avtale med Hans Kr. Bukholm**

Ole Mikal O. Ramsøy orienterte om kontakten samlingsleiar Anne Bjørke hadde hatt med Hans Kristian Bukholm med sikte på å få til ein avtale om til dels overdraging av gjenstandar Bukholm har deponert på Hordamuseet, og i tillegg få til ei flytting av materiale som no står i eit rom hos samlingsforvaltninga til bomberommet. Styret ber om at samlingsavdelinga arbeidar vidare med å få til ein avtale med Bukholm innan 01.07.2014. Styret ber og venelaget i samarbeid med Ole Mikal O. Ramsøy å arbeida med å få til ein avtale med Bukholm.

### **c) Hendt sidan sist**

Ole Mikal O. Ramsøy orienterte om førjulsdagen, som er det einaste arrangementet som har vore sidan siste møtet. Neste arrangement er «Påskemor» søndag 6. april. Elles har det blitt sett opp eit nytt grindabygg mot enden av Tøsdalsløa. Bygget skal erstatta Fana Catering sine plasttelt, og i tillegg betra tilhøva for publikum på arrangementsdagar. Hordamuseet har elles fått to nye tilskot til bruksbåtsamlinga. Museet fekk ein flott, stor strandebarmar i svært god stand, frå Torolv Lygre i Os. Elles er seksæringen som vi fekk midlar frå Grieg Foundation til å byggja no ferdig, og klår til sesongen startar i april/mai. Det vert dåp av seksæringen søndag 27. april.

### **05/2014 Ymse**

Styret ber om å bli halden orientert om prosessen knytta til ny forsikringsordning i Bymuseet. Før slutthandsaming av denne ber styret vidare om at Hordamuseet kallar inn til eit styremøte som skal ta stilling til framlegget frå Bymuseet vedkomande den nye forsikringsordninga

Fana, 07.04.2014

Gustav Bahun (s)  
Styrelleiar

Ole Mikal Olsen Ramsøy  
Referent

Underskrifter.

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.